

**Politimeister Kaare Songstad**

**Vest politidistrikt**

[post.hordaland@politiet.no](mailto:post.hordaland@politiet.no)

[margrethe.gudbrandsen@politiet.no](mailto:margrethe.gudbrandsen@politiet.no)

Knarvik, 8. mars 2017

## **Nærpolitireforma - vedr Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur – ber om møte**

Regionrådet i Nordhordland viser til:

- Politidirektoratet sitt brev 13.01.2017 om endringar i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestadar i Vest politidistrikt, og til høyringsfristen som er sett til 10. mars d.å.
- Til tidlegare skriv frå Region Nordhordland til Vest politidistrikt der me har kome med innspel til struktur m.v. vedr nærpolitireforma og Regionrådet sitt syn, og til vårt møte med politimeisteren mandag 29. februar 2016.

Regionrådet i Nordhordland er fornøgd med at politidirektoratet har fylgd innstillinga til politimeisteren og legg til grunn Nordhordland lensmannsdistrikt med to tenestestader i Nordhordland (Knarvik og Masfjorden). Vidare er me fornøgd med at Osterøy (Lonevåg) blir eit tenestested i det samanslåtte lensmannsdistriktet Voss og Osterøy.

### **Men det er spesielt to ting me er bekymra for:**

#### **1. At Nordhordland lensmannsdistrikt eventuelt ikkje vert eigen Geografisk driftseining (GDE).**

Det er føreslått kun tre Geografiske driftseiningar i Vest politidistrikt. Dette betyr ei veldig sentralisering av leiarfunksjonar og styring i politidistriktet, noko me meiner direkte vil påverka prioritering og styring av politiarbeidet og politiresursane i distrikta, i alle fall etter kvart. Regionrådet er på generelt grunnlag svært bekymra for den sentraliseringa me ser i offentleg forvaltning, og me meiner at organiseringsmodell og plassering av ansvar i nærpolitireforma, byggjer opp under dette. På sikt vil dette føre til at større del av ressursane vert nytta til administrative oppgåver og mindre til politiarbeid. Den lokale leiinga i Nordhordland lensmannsdistrikt må ha mynde til å nytte ressursane der dei gir størst effekt.

Regionrådet ynskjer ein lokal lensmann som har fullt ansvar for utøving av oppgåvene herunder også tydeleg leiing, personal- og budsjettansvar, og at dette er ein geografisk driftseining. Alle forstår at styring og leiing har direkte med prioritering å gjera.

Politidirektoratet sitt høyringsforslag betyr at politiet organiserer seg i tre nivå, medan politisk avtale som ligg til grunn for reformarbeidet, fastslår at politiet skal organiserast i to nivå. Dette vil bli tatt opp i høyringsbrev til Politidirektoratet.

## 2. At tenestestedene Masfjorden og Osterøy kun vert kontor med opningstid nokre timar i veka.

På generelt grunnlag er me bekymra for resultatet av økonomisk effektivisering og sentralisering - og kva dette betyr på sikt for den førebyggjande aktiviteten til politiet ute i distrikta. Me meiner at politireforma i for lita grad tar opp i seg desse problemstillingane, og at den ikkje vektlegg kva ein får igjen for at lensmann og betjentar kjenner dei lokale forholda godt. Kva denne type trygghet gir ute i befolkninga, er viktig ikkje å undervurdera.

Det må koma tydeleg fram kva minimumsoppgåver tenestestadane skal ha i framtida slik at kommunane kan vera trygg på kva tenester ein får på desse stadane, og at dei kan vera attraktive arbeidsplassar for politifolk i framtida.

### **Kvifor bør Nordhordland vera eigen GDE:**

Regionrådet har tidlegare argumentert for kvifor Nordhordland bør vera eigen GDE, me viser til desse argumenta, men kort oppsummert:

- Nordhordland har ei lang og utsett kyststripe, lang strekning med E39, og store hamner med sær stor trafikk med høgt risikopotensiale. Området vil dekkja 9 kommunar med mykje fjord og fjell med ulukkesbelasta og rasutsette vegar. Fensfjord-bassenget med Mongstad industriområde og veksande aktivitet i Sløvågområdet, er stort og har mange verksemder med stort risikopotensiale. Mongstad er ei av dei største hamnene i Europa, og området er utsatt i forhold til oljesøl og gassulukker m.v. Kompleksiteten i risiko og beredskap i Nordhordland bør kvalifisere til at området også blir eigen GDE.
- Ei felles driftseining saman med Voss og indre deler av Hardanger heilt til grensa mot Telemark fylke, vil etter vårt syn ikkje vera føremålstenleg. Denne eininga vil verta sær utfordrande å handtere, både geografisk og ressursmessig.  
*I prop. 61 LS står det at ein skal unngå ein struktur med mange nivå, og at de geografiske baserte driftseiningane skal leiast av ein av lensmennene eller politistasjonssjefane som inngår i driftseininga. Driftseininga nå kunne styre verksemda ved det enkelte tenestested.*  
Regionrådet meiner at det vert svært utfordrande for ein lensmann å styra det enkelte tenestested i ein så stor GDE som strekk seg frå kysten t.o.m. Hardangervidda og ned mot Sunnhordland.
- Me har lang og god tradisjon i Nordhordland for eit tett samarbeid mellom kommunane og politiet, og dette ønskjer me skal fortsetja. Det er bygd opp eit godt politi i Nordhordland, og eininga har utmerka seg bl.a. med god kriminalitetsførebygging, spesielt retta mot ungdom. Eininga har den høgaste oppklaringsprosenten i politidistriktet, og samarbeidet mellom einingane som er føreslått samla i Nordhordland er etter vårt syn godt. Nordhordland er i dag den største driftseininga utanom Bergen, og den med flest straffesaker.

Regionrådet meiner at Nordhordland må vera eigen GDE som sjølv prioriterer ressursar, har administrative oppgåver og kapasitet og sjølv har ansvaret for at det er tilstrekkeleg vakt og patruljeberedskap i driftseininga, og som ikkje minst kan driva fram utviklingsarbeid og forvalta spesialkompetanse. Nordhordland må sjølv kunne handtere det største volumet av kriminalitetsutfordringar utan ressurstilførsel frå andre einingar i politidistriktet. På den måten kan ressursane til politiet bli nytta på ein best mogeleg måte. Me får meir midlar til politiarbeid og mindre til rapportering og byråkrati.

Me har tidlegare peika på at leiargruppa til politimeisteren vert for «administrativ» og utan nok operative leiarar frå distrikta som tar problemstillingane med seg inn i leiargruppa. Me tenkjer her på politiarbeidet i distrikta, og på dialogen og bekymringane m.v. frå kommunane (kommunal toppleing og frå helse og brann/redning). Det er operative leiarar som må prioriterast og ikkje administrative leiarar.

**Ber om møte**

Regionrådet vil derfor be om eit møte med politimeister Kaare Songstad så snart som mogeleg. Me vil der la oss representera ved Karstein Totland og Astrid Aarhus Byrknes.

Med venleg helsing

Alle ordførarar i Regionrådet Nordhordland (9 kommunar)



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland